

JØLSTER SKISENTER AS - SØKNAD OM TILSKOT TIL UTBYGGING AV JØLSTER SKISENTER.

Fylkesdirektøren rår hovudutval for plan og næring til å gjere slikt vedtak:

- 1 Hovudutval for plan og næring løyver kr. 375.000 til utbygging av Jølster Skisenter. Løyvinga skal delast over 2 år, med startløyving på kr. 200.000 i 2006 og sluttløyving på kr. 175.000 i 2007. Midlane vert løyvt frå kap. 551 post 60 – regional utvikling.
- 2 Det vert sett følgjande vilkår for løyvinga:
 - a) Jølster kommune sin Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet må vedtakast av kommunestyret før 1. februar 2005. Planen må støtte krava for å gje søknadsrett til spelemidlar.
 - b) Jølster kommune må syte for kommunal garanti for løyvde spelemidlar i samsvar med Kap. 2.3.3 i kultur- og kyrkjedepartementet sine føreskrifter. (V-0732)
 - c) Vegframføring til ny skiheis må sikrast gjennom reguleringsplan/alternativ utbyggingsplan og avtalar mellom grunneigar og utbyggjar. Jølster Skisenter må få tinglyst rett til bruk av vegen. Midlane vert ikkje utbetalt før vegen er fullført.
 - d) Prosjektet må vera prioritert i det nye handlingsprogrammet i Fylkesdelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet. Vedtak på planen er forventa i desember 2005.
 - e) Planane for prosjektet må vera teknisk førehandsgodkjent av Jølster kommune.

Prenta vedlegg:

1. Søknad frå Jølster Skisenter A/S, datert 14.10.2004
2. Brev frå Jølster Utbyggingsselskap, datert 01.11.2004

Uprenta vedlegg:

1. Forskrift og bestemmelser om tilskudd til anlegg for idrett og fysisk aktivitet – 2004 (V-0732).
2. Fylkesdelplan for idrettsanlegg i Sogn og Fjordane, vedteken i fylkestinget 15.10.1996.
3. Fylkesdelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet, vedteken av fylkestinget 16.10.2001.

Saksframstilling

1. SAMANDRAG

Det har vore arbeid med planar for eit interkommunalt alpinanlegg i Sunnfjord sidan byrjinga av 1990-talet. Sogn og Fjordane fylkeskommune har vore pådrivar for dette gjennom vedtak i to fylkesdelplanar.

Utbygging av Jølster skisenter er no tilrådd av fleire kommunar i Sunnfjord.

Jølster Skisenter søker fylkeskommunen om kr. 750.000 i tilskot til realisering av anlegget.

Eit positivt vedtak i fylkeskommunen kan utløyse 20% høgare tilskot frå spelemidlane.

Hovudutval for kultur og hovudutval for plan og næring tilrår ei samla løyving på kr. 750.000 fordelt over 2 år med startløyving i 2006. Begge hovudutvala tek 50% av løyvinga over eigne budsjettpostar. Om løyvinga skal nyttast til kjøp av aksjar eller berre vera eit reint tilskot vert avgjort seinare.

Det vert sett vilkår for utbetaling av tilskotet

2. BAKGRUNN

Jølster Skisenter A/S har planar for utviding av skisenteret i Bjørkelia. Anlegget i Bjørkelia var ferdig i 1986, og består av skitrekk på ca. 1000m, nedfartsløype med lys og varmestove. I tillegg er det eit lite barnetrekk, hoppbakke og langrennsløype i anlegget. Det noverande anlegget ligg mellom kote 240 og 470 moh. Utvidinga vil ligge mellom kote 440 og 760 moh. Samla høgdeskilnad i anlegget vil bli 520m.

I store deler av 20-årsperioden skianlegget har vore i drift, har det vore problem med snøtilhøva i anlegget. Det vart investert i snøproduksjonsanlegg i 2002, men med dei usikre klimatilhøva vi har på Vestlandet kan ein ikkje forvente sikre snøforhold sjølv ved produksjon av kunst snø.

I Sunnfjord har ein i tillegg til Bjørkelia eit alpinanlegg i Blomlia i Førde. Anlegget i Førde har om lag same mål som Jølster skisenter, men ikkje same potensiale når det gjeld vidare utbygging.

Den første fylkesdelplanen for idrettsanlegg i Sogn og Fjordane, vedteken av Fylkestinget i sak 23/96, gav klare signal om at kommunane i Sunnfjord måtte samle seg om eitt interkommunalt alpinanlegg i regionen for å bli prioritert for spelemidlar. Dette vart og gjenteke i den reviderte fylkesdelplanen for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet, vedteken av fylkestinget i sak 034/01. Fylkestinget såg ved den siste revisjonen av planen eit stort behov for eit snøsikkert alpinanlegg i Sunnfjord, og prioriterte eit interkommunalt alpinanlegg i Sunnfjord i langtidsprogrammet.

Sidan tidleg på 90-talet har det vore arbeid for å få til eit regionanlegg for kommunane i Sunnfjord. Vegen har vore lang og vanskeleg, men i dag kan det sjå ut som om ein kan få dette til i Bjørkelia i Jølster. Det har kome signal om støtte til utbygging av alpinanlegget i Bjørkelia frå fleire

av nabokommunane. Det står att å få dette inn i kommunedelplanane, som for fleire av desse kommunane er under revisjon.

Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet i Jølster er under revisjon. Målet er å få vedteke planen i kommunestyret i desember, eller januar 2005.

I framlegget til ny plan for Jølster kommune, som er sendt ut på høyring, er utviding av alpinanlegget i Bjørkelia prioritert for søknad om spelemidlar i 2005. For å få godkjent søknaden i 2005, er det naudsynt å få fullfinansiert anlegget. Det er difor viktig for Jølster Skisenter A/S å få eit positivt vedtak både frå Jølster kommune og frå fylkeskommunen om tilskot og garantiar til prosjektet. Ein godkjent søknad frå Jølster Skisenter vil kunne gje om lag kr. 500.000 i auka ramme til Sogn og Fjordane i 2005.

Dei nye ”*Forskrift og bestemmelser om tilskudd til anlegg for idrett og fysisk aktivitet – 2004*” gjev rom for større tilskot frå spelemidlane under visse føresetnader.

I forskriftene under pkt.2.7.3 heiter det:

1. Interkommunale anlegg vil kunne oppnå inntil 20% større tilskot enn ordinære anlegg.
2. Ordninga gjeld i hovudsak større interkommunale anlegg som symjeanlegg og fleirbrukshallar. Andre større kostnadskrevjande anlegg kan også vurderast særskilt.
3. Det er berre departementet som kan godkjenne om eit anlegg kan tildelast ekstra tilskot som interkommunalt idrettsanlegg. Søknad om dette skal handsamast av departementet.
4. Det skal være inngått bindande avtale mellom deltakande kommunar om investering og drift innan spelemiddelsøknaden vert sendt til fylkeskommunen.

Denne endringa av forskriftene kan gje større tilskot til prosjektet dersom Jølster kommune, fylkeskommunen og andre kommunar engasjerer seg i finansiering og drift av Jølster Skisenter A/S.

Når andre enn kommune eller fylkeskommune står som søkjar til spelemidlar, må kommune/fylkeskommune garantere for at tilskotsmottakar, ved mogeleg misleghald av vilkåra for å verte tildelt spelemidlar, garantere attendebetaling av løyvde spelemidlar til kultur- og kyrkjedepartementet. Garantitida er 20 år.

Vilkår for tildeling av spelemidlar er i hovudsk, jfr. Forskriftene kap. 2.4:

- Anleggseigar pliktår å halde anlegget ope for idrettsleg aktivitet i 40 år frå ferdigstilling av anlegget.
- Nedlegging eller bruksendring av anlegget skal ikkje skje utan skrifteleg samtykke frå departementet.
- Dersom framtidig drift av anlegget er trua, skal anleggseigaren orientere departementet om

dette. Denne plikta gjeld og kommunen.

- Anleggseigar pliktar å halde anlegget i godkjend teknisk stand, og sjå etter at dei forskriftene som gjeld for anlegget vert haldne.
- Overdraging eller deling av anlegget skal ikkje skje utan skriftleg samtykke frå departementet.

Dette betyr at Jølster kommune, og/eller fylkeskommunen og andre kommunar må gje ein skriftleg garanti for at den summen anlegget vert tildelt av spelemidlar, vert attendebetalt til departementet ved misleghald. Truleg utgjer spelemidlane ein sum på om lag 2,5 mill. kroner. Dersom anlegget får utvida tilskot kan summen ligge opp mot 3 mill. kroner. **Ansvar for å framskaffe denne garantien ligg til Jølster kommune.**

Sjølv om Jølster Skisenter A/S får sendt søknad om spelemidlar i 2005 (søknadsfrist er 15. januar), kan ikkje prosjektet tildelast spelemidlar i 2005. Grunnen til dette er at prosjektet må vurderast ved revisjon av Fylkesdelplanen. (Fylkesutvalet har vedteke oppstart av revisjon av fylkesdelplanen i møte 11. november 2004). Endeleg vedtak på den reviderte planen vil skje i fylkestinget i desember 2005. Den "nye" fylkesdelplanen vil ha eit handlingsprogram som går frå 2006 – 2009. Anlegget i Bjørkelia kan først tildelast spelemidlar det årstalet anlegget er prioritert i denne planperioden. Ein må ta atterhald om slik prioritering.

3. VURDERING OG KONSEKVEN SAR

Totalkostnaden med utbygginga av Jølster Skisenter er berekna til om lag 9,5 millionar. Anlegget er tenkt finansiert slik:

Eigenkapital	kr. 1.950.000
Tilskot spelemidlar	" 2.414.000
Dugnad	" 1.820.000
Lån	" <u>3.246.000</u>
	9.430.000

Eigenkapitalen er forventa tilskot frå Jølster kommune, Jølster idrettslag, lokale innskytarar og moglege tilskot frå fylkeskommunen. Om lag 350.000 av desse midlane er allereie løyvde. Dersom dei forventa løyvingane på kr. 750.000 frå Jølster kommune og fylkeskommunen blir løyvde, er eigenkapitalen sikra. Desse løyvingane kan, dersom departementet godkjenner prosjektet, vera med på å auke spelemiddeltilskotet med omlag kr. 500.000. Lånebehovet vert dermed redusert.

Med eit lånebehov på om lag 2 – 2,5 mill. kroner vert driftsutgiftene redusert, og skulle etter det vi kan sjå ikkje vera for høge. Forventa driftsinntekter er etter vårt syn ikkje kalkulert for høgt.

Planane for utbygging av Jølster skisenter er tilrådd av anleggsrådgjevaren i Norges Skiforbund og Sogn og Fjordane Skikrins. Skikrinsen har stilt som krav at det må byggjast veg fram til det nye skitrekket. Fylkeskommunen har støtta dette kravet.

Areal til utviding av Jølster skisenter er sikra gjennom vedteken reguleringsplan. Avtale om grunn er i orden.

Vegframføring til nytt hyttefelt på Kvamsstøylen ligg ikkje inne i den godkjende reguleringsplanen. Denne vegen skal og nyttast av Jølster Skisenter fram til det nye skitrekket.

I brev frå Jølster Utbyggingsselskap AS, datert 01.11.2004, skriv selskapet at det vert arbeid med reguleringsplan for utbygging av hyttefelt ved skianlegget. Jølster Skisenter vil få bruksrett til vegen.

Planane for utbygging av anlegget i Bjørkelia er vurdert av fylkeskommunen. Etter vårt syn er planane realistiske, og vil gje innbyggjarane i Sunnfjordkommunane eit langt betre og meir snøsikkert anlegg enn vi har i dag.

Fylkeskommunen er positiv til planane. Slik planen for utbygging ser ut i dag, er dei i samsvar med tilråding gjennom fylkestingsvedtak i 1996 og 2001. For å stimulere til vidare arbeid med skisenteret, i samsvar med vedtak i fylkestinget, vil fylkeskommunen gje signal om fylkeskommunal medverknad til å få realisert prosjektet.

Om støtta skal vera eit reint tilskot til utbygging av anlegget, eller skal investerast som aksjekapital, må ein koma attende til seinare. Dette bør sjåast i samanheng med kva krav kultur- og kyrkjedepartementet set for å gje utvida spelemiddeltilskot.

4. KONKLUSJON/TILRÅDING

Fylkesdirektøren for kultur og fylkesdirektøren for plan og næring tilrår ei samla løyving til utbygging av Jølster Skisenter på kr. 750.000. Summen skal delast med 50% på kvart av hovudutvala.

Løyvinga vert fordelt over 2 år med startløyving i 2006. Det vert sett vilkår for utbetaling av midlane.

Fylkeskommunen må på eit seinare tidspunkt ta stilling til om midlane skal nyttast til kjøp av aksjar i Jølster Skisenter A/S, eller gjevast som reint tilskot.